



NVE
Konsesjonsavdelingen
Pn 5091 Majorstua
0301 OSLO

Løpenummer : 14/4270
Arkivkode : FA-S11, TI-&18
Sakshandsamar : Terje Raungard
Direktenr. tlf. : 48890813

Dato : 20.06.2014

Vår ref.:
Saksnr.: 14/630 - 5
(Oppgje "vår ref." når De tek kontakt om saka.)

Dykkar ref.:

KONSEKVENSGREIINGSPROGRAM FOR BLÅURA KRAFTVERK TILBAKEMELDING FRÅ FUSA KOMMUNE

Blåura kraftverk er eit stort kraftverk i Fusa målestokk. Inngrepa er i eit område som tidlegare ikkje har liknande inngrep. Sjølv om Kikedalen ikkje vert direkte berørt med tekniske inngrep, så vil den bli påverka avdi Stolaelva og Tægene vert regulert. Det vil påverka det visuelle bilde av Kikedalen.

I Hordaland fylke sin plan for småkraftverk er Kikedalen særleg omtala:

"Kikedalen er eit svært viktig regionalt friluftsområde, mellom anna nytta av Hålandsdalen leirskule. I fortsetjinga av dette ligg Gjonakvitingen som er eit viktig regionalt friluftsområde.

Kikedalen er eit nasjonalt kulturlandskapsområde med tufter etter busetnad frå førhistorisk tid."

I gjeldande arealdel til kommuneplanen er deler av Kikedalen verna etter lov om kulturminne.

I Fusa - midt i blinken; samfunnsdelen til kommuneplanen 2011 - 23; er Kikedalen nemnt under Naturkommunen Fusa - på lag med naturen.

Under mål:

I Fusa skal vi:

- sikra verneområde av nasjonal verdi: Kikedalen, Vinneleiro sjøfuglreservat, Gåseskjer og Steglholmen sjøfuglreservat, Yddal barskogområde og Geitaknottane naturreservat.

Under strategiar:

Verneområda våre av nasjonal verdi sikrar vi ved å:

- setja av omsynssoner rundt verneområda i Kikedalen og på Vinnesleiro.

Det er såleis viktig at alle tilhøve som gjeld påverknad av Kikedalen vert godt utgreia.

I framlegg til utgreiingsprogram er det nemnt særskilt at Sævareidvassdraget er eit svært fiskerikt vassdrag med førekomst av storaure og røye. Vassdraget har også fleire

oppdrettsanlegg. Både den naturlege fiskebestanden i vatna og oppdrettsnæringa er viktige for Fusa.


Dette er bakgrunnen for at Fusa kommunestyre i møte 18. juni har gjort fylgjande vedtak:

Framlegg til utgreiingsprogram for Blåura kraftverk ser ut til å vera dekkande.

Fusa kommune vil særleg peika på nokre viktige område som må utgreiast grundig:

- Påverknad visuelt og på annan måte i Kikedalen
- Påverknad på naturleg fiskebestand i vassdraget
- Påverknad på oppdrettsanlegg i vassdraget

Med helsing



Terje Raunsgard
Einingsleiar

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Klima og naturressurs	5020	BERGEN
SKL-produksjon	Postboks 24	5401	STORD